



# Innst. 86 S

(2009–2010)

## Innstilling til Stortinget fra utenriks- og forsvarskomiteen

Prop. 41 S (2009–2010)

### Innstilling fra utenriks- og forsvarskomiteen om endringar i statsbudsjettet for 2009 under For- varsdepartementet

Til Stortinget

#### 1. Sammendrag

##### 1.1 Føremål og hovedoversikt

###### 1.1.1 Føremål

I denne proposisjonen legg Regjeringa fram forslag om endringar i løyvingar i forsvarsbudsjettet for 2009. Siktemålet er å skape best mogleg samsvar mellom løyvingane under dei einskilde kapitla og postane, og endringar i budsjettføresetnadene som har skjedd sidan forsvarsbudsjettet for 2009 vart utarbeidd.

Omgupperingsproposisjonen tek mellom anna føre seg styrking av prioritert verksemd på budsjetta til Forsvarets logistikkorganisasjon, norske styrkar i utlandet, fellesinstitusjonar under Forsvarsstab, og kulturelle og allmennnyttige føremål, for å dekkje høgare kostnader enn budsjettet. I tillegg vert lønnskompensasjonen for 2009 og meirinntekter for 2009 foreslått formalisert. Totalt utgjer omgrupperinga ein auke i løyvinga til Forsvarsdepartementet på 264,415 mill. kroner.

###### 1.1.2 Grunnlaget for omgrupperinga – Økonomisk grunnlag

Grunnlaget for omgrupperinga er vedtatt budsjett for 2009, midlar ført over frå 2008 og dei seinare endringane gjort av Stortinget. Det er òg teke omsyn til forsvarssektoren sin del av lønnskompensasjonen for 2009 (135,397 mill. kroner).

Tabell 1.1 Faktisk løyving på utgiftssida, før omgruppering 2009, kjem fram slik (i 1 000 kroner)

Vedteke budsjett 2009 .....	33 458 296
Innst. S. nr. 139 (2008–2009), jf. St.prp. nr. 37 (2008–2009) – <i>Om endringer i statsbudsjettet 2009 med tiltak for arbeid</i> .....	88 000
Innst. S. nr. 350 (2008–2009), jf. St.prp. nr. 88 (2008–2009) – <i>Lønnsregulering for arbeidstakere i det statlige tariffområdet 2009 mv.</i> .....	135 397
Innst. S. nr. 355 (2008–2009), jf. St.prp. nr. 67 (2008–2009) – <i>Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2009 (RNB)</i> .....	630 400
Innst. S. nr. 366 (2008–2009), jf. St.prp. nr. 89 (2008–2009) <i>Om endringar i "Regulativ for tillegg o.a. til utskrivne vernepliktige mannskap"</i> ("soldatproposisjonen") .....	15 919
= Faktisk løyving før omgruppering .....	34 328 012
+ Midlar ført over frå 2008 .....	739 134
= Disponible midlar i 2009 før omgrupperinga .....	35 067 146

*Tabell 1.2 Disponibel løying på inntektssida, før omgruppering 2009, kjem fram slik (i 1 000 kroner)*

Vedteke budsjett 2009 .....	787 802
Innst. S. nr. 355 (2008-2009), jf. St.prp. nr. 67 (2008-2009) – <i>Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2009 (RNB)</i> .....	111 000
= Løyvingar før omgruppering .....	898 802

**INNTEKTER I 2009**

I høve til vedteke budsjett for 2009, med dei seinare endringane gjort av Stortinget, er det ei meirinntekt på 264,415 mill. kroner som er foreslått lagt til utgiftssida. Det vert i denne samanhengen vist til Forsvarsdepartementet sin meirinntektsfullmakt i St.prp. nr. 1 (2008–2009) under vedtak II.

*Tabell 1.3 Løyvingsbehov på utgiftssida i samband med omgrupperingsproposisjonen vert slik (i 1 000 kroner)*

Auke på utgiftssida grunna meirinntekter førde til utgiftssida .....	264 415
= Sum behov ved omgrupperinga .....	264 415
+ Løyvingar før omgrupperinga .....	34 328 012
= Samla løyvingar etter omgrupperinga .....	34 592 427
+ Midlar ført over fra 2008 .....	739 134
= Samla disponible midlar i 2009 etter omgrupperinga .....	35 331 561

*Tabell 1.4 Løyvingsbehovet på inntektssida i samband med omgrupperingsproposisjonen vert slik (i 1000 kroner)*

Løyvingar før omgrupperinga .....	898 802
Meirinntekter .....	264 415
= Løyvingar etter omgrupperinga .....	1 163 217

Regjeringa foreslår på denne bakgrunn, under forslag til vedtak, at både utgifts- og inntektsramma vert auka med 264,415 mill. kroner.

**UTGIFTER**

Tala i tabellane nedanfor syner netto endringar på dei ulike postane. Utgiftstabellen er inkludert fordeling av meirinntekter.

*Tabell 1.5 Postfordeling utgifter (i 1 000 kroner)*

Post	Føremål	Mindreutg.-/ Meirutg.+
1	Driftsutgifter .....	433 809
21	Spesielle driftsutgifter .....	-408
24	Driftsresultat .....	-100 000
43	Til disposisjon for Forsvarsdepartementet .....	-11 640
44	Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeid, nasjonalfinansiert del .....	13 600
45	Store nyskaffingar .....	144 689
47	Nybygg og nyanlegg .....	-104 965
48	Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeid, fellesfinansiert del .....	-118 000
50	Overføringer Statens Pensjonskasse .....	-8 000
60	Tilskott til kommunar .....	-500
73	Forsking og utvikling .....	-1 300
75	Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeid, Noregs tilskott til NATOs investeringsprogram for tryggleik .....	6 630
78	Noregs tilskott til NATOs driftsbudsjett .....	10 500
<b>Sum</b>		<b>264 415</b>

## INNTEKTER

Tabell 1.6 Postfordeling inntekter (i 1 000 kroner)

Post	Formål	Mindreinnt. -/ Meirinnt.+
1	Driftsinntekter .....	320 126
45	Store nyskaffingar .....	48 689
48	Fellesfinansierte bygge- og anleggsarbeid, fellesfinansiert del .....	-104 400
Sum .....		264 415

**1.2 Hovudtrekk ved utgifts- og inntektsendringane på postnivå****1.2.1 Utgifter**

Den totale utgiftsramma er auka med 264,415 mill. kroner. Driftsbudsjettet er totalt foreslått auka med 322,461 mill. kroner, medan investeringsbudsjettet er foreslått redusert med 58,046 mill. kroner.

Nedanfor er dei viktigaste endringane forklart på post- og kapittelnivå.

**POST 1 DRIFTSUTGIFTER**

Post 1 er foreslått auka med totalt 433,809 mill. kroner.

Forsvarssjefen har tilrådd ei justering på dei ulike kapitla for å omdisponere til meir prioritert verksemd på budsjetta til Forsvarets logistikkorganisasjon, norske styrkar i utlandet, fellesinstitusjonar under Forsvarsstaben, og kulturelle og allmennyttige føremål. Ei slik justering er viktig for at forsvarssjefen skal kunne nå dei måla som er sett for Forsvaret si verksemd i 2009.

Post 1 er foreslått tilført 320,126 mill. kroner i meirinntekter frå dei ulike inntektskapitla på drifts-sida. Posten er vidare foreslått netto tilført 87,835 mill. kroner frå post 47 Store nyskaffingar grunna omdisponering til naudsynt styrking for å gjennomføre dei igangsette materiellinvesteringsprosjekta. Grunna lågare utgifter enn budsjettet er det vidare foreslått å omdisponere 11,640 mill. kroner frå post 43 Til disposisjon for Forsvarsdepartementet, 8 mill. kroner frå post 50 Overføringer til Statens Pensjonskasse og 4 mill. kroner frå post 45 Store nyskaffingar. I tillegg er posten foreslått auka med 1,3 mill. kroner ved å omdisponere frå post 73 Forsking og utvikling, 0,5 mill. kroner frå post 60 Tilskott til kommunar og 0,408 mill. kroner frå post 21 Spesielle driftsutgifter.

**KAP. 1700 FORSVARSDEPARTEMENTET**

Post 1 er foreslått auka med 1,3 mill. kroner.

Auken gjeld omdisponeringar grunna meirbehov knytt til prosjekt for oppfølging av veteranar frå Guldkrigen, og meirbehov knytt til gjennomføring av handlingsplan for haldningar, etikk og leiing i forsvarssektoren.

**KAP. 1719 FELLESUTGIFTER OG TILSKOTT TIL FØRE-TAK UNDER FORSVARSDEPARTEMENTET**

Post 1 er foreslått auka med 7,066 mill. kroner.

Auken gjeld omdisponeringar grunna meirbehov i samband med diverse miljøoppryddingsprosjekt knytt til skyte- og øvingsfelt, samt miljøopprydding i Marvika utanfor Kristiansand i 2009 (5 mill. kroner). Det er viktig at forsvarssektoren følgjer opp sitt miljøansvar og ryddar etter seg der verksemd er lagd ned. Posten er vidare tilført 2,6 mill. kroner grunna høgare kostnad knytt til stillingar i utlandet. Posten er òg foreslått tilført 0,5 mill. kroner i meirinntekter. Meirinntekta har ei tilsvarende ikkje-budsjettet utgiftsside, jf. omtale under kap. 4719 post 1. I tillegg er det foreslått tekniske justeringar som samla gjev ein reduksjon på 1 mill. kroner.

**KAP. 1720 FELLES LEJINGS- OG KOMMANDOAPPARAT**

Post 1 er foreslått auka med 12,526 mill. kroner.

Det vert lågare kostnader knytt til kurs- og reise-verksemd enn venta på budsjetteringstidspunktet (15 mill. kroner). I tillegg er det foreslått tekniske justeringar som samla gjev ein reduksjon på 0,1 mill. kroner.

Kapitlet vert vidare foreslått auka i samband med overføring av budsjettansvar for eigedom, bygg og anlegg knytt til Alliert treningssenter frå kap. 1740 Forsvarets logistikkorganisasjon (10,6 mill. kroner). Posten er òg foreslått tilført 17 mill. kroner grunna meirinntekter. Meirinntekta har ei tilsvarende ikkje-budsjettet utgiftsside, jf. omtale under kap. 4720 post 1.

**KAP. 1725 FELLESINSTITUSJONAR OG UTGIFTER  
UNDER FORSVARSSTABEN**

Post 1 er foreslått auka med 16,058 mill. kroner.

Auken er mellom anna knytt til vakt- og sikrings-tiltak på Eggemoen (5,9 mill. kroner), kompetansebygging knytt til fagområda Austen og Kina ved Forsvarets høgskole (2 mill. kroner), samt implementering av ny hovudbok i Forsvarets rekneskapssystem SAP (3 mill. kroner). Posten er òg foreslått tilført 4 mill. kroner grunna meirinntekter. Meirinntekta har ei tilsvarende ikkje-budsjettet utgiftsside, jf. omtale under kap. 4725 post 1. I tillegg er det foreslått tek-

niske justeringar som samla gjev ein auke på 1,2 mill. kroner.

#### KAP. 1731 HÆREN

Post 1 er foreslått redusert med 49,850 mill. kroner.

Hæren har lågare kostnader knytt til kurs- og reiseverksemde enn venta på budsjetteringstidspunktet (30 mill. kroner). Vidare gjeld reduksjonen omdisponering av identifisert mindrebehov på posten (20 mill. kroner). Midlane er foreslått omdisponert til høgare prioritert verksemde, mellom anna på budsjetta til Forsvarets logistikkorganisasjon og norske styrkar i utlandet. I tillegg er det foreslått tekniske justeringar som samla gjev ein reduksjon på 1,9 mill. kroner.

Posten er øg foreslått tilført 2 mill. kroner grunna meirinntekter. Meirinntekta har ei tilsvarende ikkje-budsjettet utgiftsside, jf. omtale under kap. 4731 post 1.

#### KAP. 1732 SJØFORSVARET

Post 1 er foreslått redusert med netto 20,028 mill. kroner.

Sjøforsvaret har lågare kostnader knytt til kurs- og reiseverksemde enn venta på budsjetteringstidspunktet (24,2 mill. kroner). Vidare gjeld reduksjonen omdisponering av identifisert mindrebehov på posten (15 mill. kroner). Midlane er foreslått omdisponert til meir prioritert verksemde mellom anna på budsjetta til Forsvarets logistikkorganisasjon og norske styrkar i utlandet. I tillegg er det foreslått tekniske justeringar som samla gjev ein reduksjon på 2,8 mill. kroner.

Kapitlet vert vidare foreslått auka med 4,6 mill. kroner grunna utviding av rekruttskulen ved KNM Harald Haarfagre. Vidare er kapitlet foreslått auka ved omdisponeringar som følgje av at Sjøforsvaret utfører grunnleggjande rekrutt- og befalsskuleutdanning på vegner av Luftforsvaret (15,5 mill. kroner). Posten er øg foreslått tilført 1,9 mill. kroner grunna meirinntekter. Meirinntekta har ei tilsvarende ikkje-budsjettet utgiftsside, jf. omtale under kap. 4732 post 1.

#### KAP. 1733 LUFTFORSVARET

Post 1 er foreslått redusert med netto 27,139 mill. kroner.

Luftforsvaret har lågare kostnader knytt til kurs- og reiseverksemde enn venta på budsjetteringstidspunktet (24 mill. kroner). Vidare gjeld reduksjonen omdisponering av identifisert mindrebehov på posten (15 mill. kroner). Midlane er foreslått omdisponert til meir prioritert verksemde, mellom anna på budsjetta til Forsvarets logistikkorganisasjon og norske styrkar i utlandet. Vidare er kapitlet foreslått redusert ved omdisponeringar som følgje av at Sjøforsvaret utfør-

rer grunnleggjande rekrutt- og befalsskuleutdanning på vegner av Luftforsvaret (15,5 mill. kroner). Posten er vidare redusert med 5,7 mill. kroner som følgje av at Heimevernet utfører utdanning av utskrive befal på vegner av Luftforsvaret. I tillegg er det foreslått tekniske justeringar som samla gjev ein reduksjon på 4,3 mill. kroner.

Posten er øg foreslått tilført 37,4 mill. kroner grunna meirinntekter. Meirinntekta har ei tilsvarende ikkje-budsjettet utgiftsside, jf. omtale under kap. 4733 post 1.

#### KAP. 1734 HEIMEVERNET

Post 1 er foreslått redusert med netto 0,149 mill. kroner.

Heimevernet har mellom anna lågare kostnader knytt til kurs- og reiseverksemde enn venta på budsjetteringstidspunktet (10 mill. kroner). Midlane er foreslått omdisponert til meir prioritert verksemde, mellom anna på budsjetta til Forsvarets logistikkorganisasjon og norske styrkar i utlandet.

Post 1 er øg foreslått tilført 5,7 mill. kroner som følgje av at Heimevernet utdanner befal på vegner av Luftforsvaret. Posten er vidare tilført 2 mill. kroner grunna overføring av budsjettansvar for Kongsvinger festning. I tillegg er det foreslått tekniske justeringar som samla gjev ein auke på 2,2 mill. kroner.

#### KAP. 1740 FORSVARETS LOGISTIKKORGANISASJON

Post 1 er foreslått auka med netto 334,804 mill. kroner.

Posten er foreslått tilført 227,4 mill. kroner grunna meirinntekter. Dette er ei endring av teknisk karakter og skuldast i all hovudsak sal av drivstoff og tenester til allierte og samarbeidsnasjonar på øving i Noreg. Meirinntekta har ei tilsvarende ikkje-budsjettet utgiftsside i 2009, jf. omtale under kap. 4740 post 1.

Annan auke gjeld i all hovudsak omdisponeringar frå andre delar av forsvarsbudsjettet for å dekkje meirbehov knytt til den løvvingsfinansierte delen av kapitlet (114 mill. kroner). Grunnen er eit ynskje om å styrke Forsvarets logistikkorganisasjon si evne til å støtte styrkeprodusentane og Forsvaret elles med tilgjengeleg logistikk, materiell og forsyningar til operasjonar heime og ute. Meirbehovet skuldast øg høgare kostnader knytt til årsverk samt eigedom, bygg og anlegg enn venta på budsjetteringstidspunktet, grunna mellom anna forseinka utrangering av eigedom, bygg og anlegg. I tillegg er det foreslått tekniske justeringar som samla gjev ein auke på 4 mill. kroner.

Posten er i tillegg redusert mellom anna med 10,6 mill. kroner grunna overføring av budsjettansvar for eigedom, bygg og anlegg knytt til Alliert trenings-

senter til kap. 1720 Felles leiing- og kommandoapparat.

#### KAP. 1760 NYSKAFFING AV MATERIELL OG NYE BYGG OG ANLEGG

Post 1 er foreslått netto auka med 86,052 mill. kroner.

Auken er knytt til naudsynt styrking av drifta for å kunne gjennomføre planlagde materiellinvesteringar i 2009 (95 mill. kroner). Over tid har Forsvarsdepartementet søkt å auke omsettингsevna i investeringsporteføljen, og situasjonen er no at omsettjing av løyvinga på kap. 1760 post 45 har høg grad av realisme. Forsvarets logistikkorganisasjon har behov for auka tildeling av gjennomføringsmidlar for å oppretthalde den høge omsettjingsevna for inneverande år. Mangel på gjennomføringsmidlar kan få konsekvensar for framdrifta i store delar av prosjektporleføljen ved at mange nye prosjekt vil måtte få utsett oppstart og den planlagde styrkinga av investeringsverksamda bli bremsa tilsvarende. Posten er òg foreslått tilført 1,8 mill. kroner grunna meirinntekter. Meirinntekta har ei tilsvarende ikkje-budsjettert utgiftsside, jf. omtale under kap. 4760 post 1.

Posten vert vidare foreslått redusert med 10,7 mill. kroner knytt til mindrebehov i samband med analyse, plan og utgreiingsarbeid i 2009.

#### KAP. 1790 KYSTVAKTA

Post 1 er foreslått redusert med 14,955 mill. kroner.

Kystvakta har lågare kostnader knytt til kurs- og reiseverksem (2,9 mill. kroner) og lågare drivstoffutgifter enn venta på budsjetteringstidspunktet (11 mill. kroner). I tillegg er det foreslått tekniske justeringar som samla gjev ein reduksjon på 1,1 mill. kroner.

#### KAP. 1792 NORSKE STYRKAR I UTLANDET

Post 1 er foreslått auka med 68,338 mill. kroner.

Auken gjeld mellom anna omdisponering fra kap. 1792 post 45 knytt til lønn i samband med utrusting og klargjering av fregatten Fridtjof Nansen i samband med deployering til antipiratoperasjonar utanfor Somalia (European Union Naval Force Operation ATALANTA – EU NAVFOR ATALANTA) (4 mill. kroner). Posten er vidare foreslått tilført 6 mill. kroner til å dekkje førebuingeskostnader knytt til innsetting av ein norsk mentoreringseinining for afgansk politi i Faryab-provinsen i Afghanistan (PMT) fra sommaren 2010. Posten er òg foreslått tilført 23,6 mill. kroner grunna meirinntekter. Meirinntekta har ei tilsvarende ikkje-budsjettert utgiftsside, jf. omtale under kap. 4792 post 1. Posten er vidare foreslått

auka med 0,240 mill. kroner for å dekkje kostnader i samband med deltaking av eit fotballlag frå Afghanistan på Norway Cup i 2009. Anna auke gjeld omdisponering frå andre kapittel for å dekkje meirutgifter ved Noregs bidrag i Afghanistan i 2009 (34,5 mill. kroner). Dette gjeld mellom anna auka kostnader knytt til reservedelar som følgje av meir bruk av pansra køyretøy, eit større ansvarsområde i Afghanistan og at kostnadene til internttransport har auka meir enn venta på budsjetteringstidspunktet.

#### KAP. 1795 KULTURELLE OG ALLMENNYTTIGE FØREMÅL

Post 1 er foreslått auka med 19,786 mill. kroner.

Auken gjeld mellom anna meirbehov i samband med gjennomføring av Forsvarskonserten 2009 (5,3 mill. kroner). Posten er òg foreslått tilført 4,5 mill. kroner grunna meirinntekter. Meirinntekta har ei tilsvarende ikkje-budsjettert utgiftsside, jf. omtale under kap. 4795 post 1. Annan auke gjeld omdisponering frå andre delar av forsvarsbudsjettet for å dekkje meirbehov i samband med etablering av Forsvarets avdeling for kultur og tradisjon (FAKT).

#### *Post 21 Spesielle driftsutgiftar*

Kapitel 1735 Etterretningstenesta, post 21 vert foreslått redusert med 0,408 mill. kroner.

#### *Post 24 Driftsresultat*

Det er foreslått at Forsvarsbyggars driftsresultat vert endra med 100 mill. kroner, frå -940 til -1 040 mill. kroner, for naudsynt styrking av kap. 1760 Nyskaffing av materiell og nye bygg og anlegg, post 45 Store nyskaffingar.

#### *Post 43 Til disposisjon for Forsvarsdepartementet*

Løyvinga representerer ein reserve for Forsvarsdepartementet. I 2009 er løyvinga nytta til å dekkje ymse meirbehov, mellom anna innsetting av ei norsk mentoreringseinining for afgansk politi i Faryab-provinsen i Afghanistan (PMT), økonomisk støtte til Glomdalsmuseet for ferdigstilling av arbeidet med å gjenreise Melgården østseter, samt å dekkje kostnader i samband med deltaking av eit fotballlag frå Afghanistan på Norway Cup i 2009. Posten er foreslått redusert med 11,640 mill. kroner for å dekkje ymse meirbehov på andre kapittel og postar.

#### *Post 44 Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeid, nasjonalfinansiert del*

Posten er foreslått auka med 13,6 mill. kroner for å starte opp IKT-prosjektet ved Joint Warfare Centre (JWC) i Stavanger.

### *Post 45 Store nyskaffingar*

Post 45 er foreslått auka med netto 144,689 mill. kroner.

#### KAP. 1760 NYSKAFFING AV MATERIELL OG NYE BYGG OG ANLEGG

Post 45 er foreslått auka med 148,689 mill. kroner.

Auken er knytt til naudsynt styrking av materiell-investeringsbudsjettet i 2009 (100 mill. kroner). Arbeidet med å oppretthalde den høge omsetjings-  
evna i investeringsporteføljen inneber eit behov for å  
styrke kap. 1760 post 45. Dersom styrkinga ikkje  
vert gjennomført, vil ei rekke betalingsmilepælar  
flyttast inn i 2010. Prognosane tilseier at prosjektpor-  
teføljen for 2010 vil bli fullt ut forplikta. Forsvarsde-  
partementet meiner difor det er mest føremålstenleg,  
med omsyn til styring av porteføljen, å møte betal-  
ingsmilepælane for 2009 ved å styrke kap. 1760  
post 45 som foreslått. Posten er òg foreslått tilførd  
48,7 mill. kroner grunna meirinntekter. Meirinntekta  
har ei tilsvarende ikkje-budsjettert utgiftsside, jf.  
omtale under kap. 4760 post 45.

#### KAP. 1792 NORSKE STYRKAR I UTLANDET

Post 45 er foreslått redusert med 4 mill. kroner.

Reduksjonen gjeld lønnsutgifter knytt til utrus-  
ting og klargjering av fregatten Fridtjof Nansen i  
samband med deployering til antipiratoperasjoner  
utanfor Afrikas horn (EU NAVFOR ATALANTA).  
Midlane vert omdisponerte til kap. 1792 post 1.  
Grunnen er at Forsvaret har utført arbeidet ved eigne  
verkstedar og midlane må såleis budsjetterast på post  
1.

### *Post 47 Nybygg og nyanlegg*

Post 47 er foreslått redusert med netto 104,965  
mill. kroner.

#### KAP. 1710 FORSVARSBYGG

Post 47 er foreslått redusert med 114,987 mill.  
kroner.

Nasjonale investeringar i eigedom, bygg og  
anlegg (EBA) er foreslått redusert med 95 mill. kro-  
ner for naudsynt styrking av gjennomføringskostna-  
der knytt til materiellinvesteringar under kap. 1760.  
Nyskaffingar av materiell og nybygg og nyanlegg,  
post 1 Driftsutgifter. Posten er vidare foreslått redu-  
sert med 10 mill. kroner grunna omdisponering til  
kap. 1792 post 47 knytt til prosjekt for oppgradering  
av veg fra Camp Meymaneh til Meymaneh by i  
Afghanistan. I tillegg er posten foreslått redusert med  
5 mill. kroner for å styrke kap. 1760 Nyskaffingar av  
materiell og nybygg og nyanlegg, post 75 Fellesfi-

nansierte byggje- og anleggsarbeid, Noregs tilskott  
til NATOs investeringsprogram for sikkerheit. I til-  
legg er det foreslått tekniske justeringar som samla  
gjev ein reduksjon på 4,9 mill. kroner.

#### KAP. 1792 NORSKE STYRKAR I UTLANDET

Post 47 er foreslått auka med 10,022 mill. kroner.

Auken gjeld omdisponering frå kap. 1710 For-  
svarsbygg, post 47 Nybygg og nyanlegg knytt til pro-  
sjekt for oppgradering av veg frå Camp Meymaneh  
til Meymaneh by i Afghanistan. Oppgradering av  
vegen er naudsynt grunna den gjennomførde auken i  
Camp Meymanehs kapasitet og den pågående utvi-  
dinga av Afghan National Army (ANA)-leiren. Det  
vert dermed lagt til rette for at den operative trygglei-  
ken for dei norske styrkane blir forbetra.

### *Post 48 Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeid, fellesfinansiert del*

Posten er foreslått redusert med 118 mill. kroner.

Reduksjonen har samanheng med manglande  
økonomisk godkjenning av NATO-prosjekt i Noreg,  
noko som igjen skuldast den vanskelege finansielle  
situasjonen i NATO.

### *Post 50 Overføring til Statens Pensjonskasse*

Post 50 vert foreslått redusert med 8 mill. kroner  
grunna eit mindrebehov på posten i 2009.

Midlane er foreslått omdisponerte til post 1 for å  
dekkje ymse meirbehov.

### *Post 60 Tilskott til kommunar*

Post 60 vert foreslått redusert med 0,5 mill. kro-  
ner grunna eit mindrebehov på posten i 2009.

Midlane er foreslått omdisponerte til post 1 for å  
dekkje ymse meirbehov.

### *Post 73 Forsking og utvikling*

Post 73 er foreslått redusert med 1,3 mill. kroner  
grunna mindrebehov på posten i 2009.

Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1700  
post 1.

### *Post 75 Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeid, Noregs tilskott til NATOs investeringspro- gram for tryggleik*

Post 75 vert foreslått auka med 6,630 mill. kro-  
ner.

Auken er mellom anna knytt til høgare valutakurs  
enn venta på budsjetteringstidspunktet.

### *Post 78 Noregs tilskott til NATOs driftsbudsjett*

Post 78 vert foreslått auka med 10,5 mill. kroner.

Auken er mellom anna knytt til høyere valutakurs enn venta på budsjetteringstidspunktet, samt endra periodisering av pensjonsforpliktingar.

### **1.2.2 Inntekter**

Det er registrert netto meirinntekter på 264,415 mill. kroner.

#### **POST 1 DRIFTSINNTEKTER**

Post 1 driftsinntekter vert foreslått auka med 320,126 mill. kroner.

#### **KAP. 4719 FELLESUTGIFTER OG TILSKOTT TIL FØRETAK UNDER FORSVARSDEPARTE- MENTET**

Post 1 vert foreslått auka med 0,531 mill. kroner.

Auken gjeld sal av køyretøy (0,1 mill kroner), og refusjon frå straumleverandørar og andre tenesteleverandørar knytt til utanlandsstillingar (0,4 mill. kroner).

#### **KAP. 4720 FELLES LEIINGS- OG KOMMANDOAPPARAT**

Post 1 vert foreslått auka med 16,957 mill. kroner.

Auken er ei endring av teknisk karakter og skuldast refusjon av utgifter i samband med at allierte og samarbeidsnasjonar har vore på øving i Noreg. Meirinntekta har ei tilsvarende ikkje-budsjettet utgiftsside, jf. omtale under kap. 1720 post 1.

#### **KAP. 4725 FELLESINSTITUSJONAR OG -INNTEKTER UNDER FORSVARSSTABEN**

Post 1 vert foreslått auka med 4 mill. kroner.

Dette er ein endring av teknisk karakter og skuldast refusjon av utgifter i samband med at Forsvarets sanitet yter tenester til det sivile samfunn. Meirinntekta har ei tilsvarende ikkje-budsjettet utgiftsside, jf. omtale under kap. 1725 post 1.

#### **KAP. 4731 HÆREN**

Post 1 vert foreslått auka med 2 mill. kroner.

Dette er ei endring av teknisk karakter og er knytt til ikkje-budsjettete inntekter i samband med drifta av fritidsmesser. Meirinntekta har ei tilsvarende ikkje-budsjettet utgiftsside.

#### **KAP. 4732 SJØFORSVARET**

Post 1 vert foreslått auka med 1,927 mill. kroner.

Dette er ei endring av teknisk karakter og er knytt til ikkje-budsjettete inntekter i samband med drifta av fritidsmesser. Meirinntekta har ei tilsvarende ikkje-budsjettet utgiftsside, jf. omtale under kap. 1732 post 1.

#### **KAP. 4733 LUFTFORSVARET**

Post 1 vert foreslått auka med 37,440 mill. kroner.

Dette er ei endring av teknisk karakter og skuldast i all hovudsak høyere inntekter knytt til ein samhandlingsavtale med Avinor AS knytt til drift av flyplassar (20 mill. kroner), tilbakebetaling av unytta utdanningsmidlar knytt til Foreign Military Sales i USA (15,5 mill. kroner), og refusjonar frå allierte og samarbeidsnasjonar i samband med øvinga Cold Response i 2009 (1,9 mill. kroner). Meirinntekta har ei tilsvarende ikkje-budsjettet utgiftsside, jf. omtale under kap. 1733 post 1.

#### **KAP. 4740 FORSVARETS LOGISTIKKORGANISASJON**

Post 1 vert foreslått auka med 227,366 mill. kroner.

Meirinntektene er knytt til sal av drivstoff (122 mill. kroner) og tenester til allierte og samarbeidsnasjonar på øving i Noreg (37,4 mill. kroner). I tillegg er det foreslått at posten vert auka med 68 mill. kroner knytt til avhending av materiell, mellom anna køyretøy, personleg utrusting, klede/uniformer og verktøy m.m., gjennom Forsvarets avhendingsprosjekt. Meirinntektene er av teknisk karakter og har i hovudsak ei tilsvarende ikkje-budsjettet utgiftsside, jf. omtale under kap. 1740 post 1.

#### **KAP. 4760 NYSKAFFING AV MATERIELL OG NYE BYGG OG ANLEGG**

Post 1 vert foreslått auka med 1,807 mill. kroner.

Dette er ei endring av teknisk karakter og er i all hovudsak knytt til tilbakebetaling av utlegg i samband med helikopterprosjektet. Meirinntekta har ei tilsvarende ikkje-budsjettet utgiftsside, jf. omtale under kap. 1760 post 1.

#### **KAP. 4792 NORSKE STYRKAR I UTLANDET**

Post 1 vert foreslått auka med 23,598 mill. kroner.

Dette er ei endring av teknisk karakter og er knytt til inntekter/refusjonar som følgje av forvaltningsavtalar mellom andre samarbeidsnasjonar og FN.

#### **KAP. 4795 KULTURELLE OG ALLMENNYTTIGE FORMÅL**

Post 1 vert foreslått auka med 4,5 mill. kroner.

Dette er ei endring av teknisk karakter og er knytt til høyere inntekter enn venta på budsjetteringstidspunktet knytt til arrangement i regi av Forsvarets musikk og andre driftsinntekter knytt til festningsverk og museum.

Meirinntekta har ei tilsvarende ikkje-budsjettet utgiftsside, jf. omtale under kap. 1795 post 1.

### *Post 45 Store nyskaffingar*

Post 45 vert foreslått auka med 48,689 mill. kroner.

Auken er knytt til meirinntekter grunna konvensionalbøter (3,7 mill. kroner) og refusjonar etter tidlegare utlegg for samarbeidsprosjekt med andre land (45 mill. kroner).

### *Post 48 Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeid, fellesfinansiert del*

Post 48 vert foreslått redusert med 104,4 mill. kroner.

Reduksjonen er knytt til manglende økonomisk godkjenning av NATO-prosjekt i Noreg, noko som igjen skuldast omprioritering av fellesressursar i NATO. Reduksjonen i inntektene på kap. 4760 post 48 er 13,6 mill. kroner lågare enn dei reduserte utgiftene på kap. 1760 post 48. Det vert foreslått at 13,6 mill. kroner vert nytta på kap. 1760 post 44 for å kunne starte opp IKT-prosjektet ved Joint Warfare Centre (JWC) i Stavanger.

## 2. Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Laila Gustavsen, Eva Kristin Hansen, Svein Roald Hansen, Sverre Myrli, Tore Nordtun og Helga Pedersen, fra Fremskrittspartiet, Jan Arild Ellingsen, Morten Høglund, Siv Jensen, Peter N. Myhre og Karin S. Woldseth, fra Høyre, Ivar Kristiansen, Janne Far dal Kristoffersen og lederen Ine M. Eriksen Søreide, fra Sosialistisk Venstreparti, Rannveig Kvifte Andresen, fra Senterpartiet, Trygve Slagsvold Vedum, og fra Kristelig Folkeparti, Dagfinn Høybråten, viser til at Regjeringen gjennom proposisjonen legger frem forslag om endringer i bevilgningene i forsvarsbudsjettet for 2009 med det siktemål å fange opp endringer i budsjettfortsetningene i løpet av året. Komiteen viser videre til at det legges opp til forholdsvis omfattende omgrupperinger, som totalt skal utgjøre en økning i bevilgningene til Forsvarsdepartementet på 264,415 mill. kroner. Komiteen har notert at Regjeringen i proposisjonen skriver at omfanget av omgrupperinger bør holdes på et så lavt nivå som mulig, og støtter dette prinsippet.

Komiteen har særlig merket seg at Regjeringen i proposisjonen foreslår å redusere postene for driftsutgifter i alle forsvarsgrenene, samt Heimevernet, for å prioritere midler til blant annet Forsvarets logistikkorganisasjon. Komiteen viser i den for-

bindelse til skriftlig svar fra Forsvarsdepartementet til komiteen av 27. november 2009, hvor det fremgår at disse reduksjonene skal finne sted gjennom intern-effektivisering, særlig knyttet til kurs- og reisevirksomhet, som innebærer at man opprettholder nødvendig kompetansenivå samtidig som utgiftene reduseres. Komiteen forutsetter at denne omleggingen og reduksjonene i kurs- og reisevirksomheten ikke får noen negative konsekvenser for kompetansenivå eller operativ virksomhet i forsvarsgrenene eller Heimevernet.

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet, har for øvrig ingen merknader.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet ønsker å styrke kap. 1731 Hæren, post 1 med 49,850 mill. kroner for å sikre større aktivitet i Hæren. Disse medlemmene viser i denne sammenheng til alternativt budsjett fra Fremskrittspartiet for 2009 fremlagt i finansinnstillingen.

Disse medlemmene fremmer på denne bakgrunn følgende forslag:

"Kap. 1731 Hæren, post 1 økes med 49,850 mill. kroner, posten merkes med *kan overføres*."

Disse medlemmene ønsker å styrke kap. 1732 Sjøforsvaret, post 1 med 20,028 mill. kroner for å sikre større aktivitet i Sjøforsvaret. Disse medlemmene viser i denne sammenheng til alternativt budsjett fra Fremskrittspartiet for 2009 fremlagt i finansinnstillingen.

Disse medlemmene fremmer på denne bakgrunn følgende forslag:

"Kap. 1732 Sjøforsvaret, post 1 økes med 20,028 mill. kroner, posten merkes med *kan overføres*."

Disse medlemmene ønsker å styrke kap. 1733 Luftforsvaret, post 1 med 27,139 mill. kroner for å sikre større aktivitet i Luftforsvaret. Disse medlemmene viser i denne sammenheng til alternativt budsjett fra Fremskrittspartiet for 2009 fremlagt i finansinnstillingen.

Disse medlemmene fremmer på denne bakgrunn følgende forslag:

"Kap. 1733 Luftforsvaret, post 1 økes med 27,139 mill. kroner, posten merkes med *kan overføres*."

Disse medlemmene ønsker å styrke kap. 1734 Heimevernet, post 1 med 0,149 mill. kroner for å sikre større aktivitet i Heimevernet. Disse med-

le m m e r viser i denne sammenheng til alternativt budsjett fra Fremskrittspartiet for 2009 fremlagt i finansinnstillingen.

Disse medlemmer fremmer på denne bakgrunn følgende forslag:

"Kap. 1734 Heimevernet, post 1 økes med 0,149 mill. kroner, posen merkes med *kan overføres*."

Disse medlemmer ønsker å styrke kap. 1790 Kystvakta, post 1 med 14,955 mill. kroner for å sikre større aktivitet i Kystvakta. Disse medlemmer viser i denne sammenheng til alternativt budsjett fra Fremskrittspartiet for 2009 fremlagt i finansinnstillingen.

Disse medlemmer fremmer på denne bakgrunn følgende forslag:

"Kap. 1790 Kystvakta, post 1 økes med 14,955 mill. kroner, posen merkes med *kan overføres*."

Disse medlemmer ønsker å styrke kap. 1735 Etterretningstenesta, post 21 med 0,408 mill. kroner for å sikre større aktivitet i Etterretningstjenesten. Disse medlemmer viser i denne sammenheng til alternativt budsjett fra Fremskrittspartiet for 2009 fremlagt i finansinnstillingen.

Disse medlemmer fremmer på denne bakgrunn følgende forslag:

"Kap. 1735 Etterretningstenesta, post 21 økes med 0,408 mill. kroner, posen merkes med *kan overføres*."

### **3. Forslag fra mindretall**

#### **Forslag fra Fremskrittspartiet:**

##### *Forslag 1*

Kap. 1731 Hæren, post 1 økes med 49,850 mill. kroner, posen merkes med *kan overføres*.

##### *Forslag 2*

Kap. 1732 Sjøforsvaret, post 1 økes med 20,028 mill. kroner, posen merkes med *kan overføres*.

##### *Forslag 3*

Kap. 1733 Luftforsvaret, post 1 økes med 27,139 mill. kroner, posen merkes med *kan overføres*.

##### *Forslag 4*

Kap. 1734 Heimevernet, post 1 økes med 0,149 mill. kroner, posen merkes med *kan overføres*.

##### *Forslag 5*

Kap. 1790 Kystvakta, post 1 økes med 14,955 mill. kroner, posen merkes med *kan overføres*.

##### *Forslag 6*

Kap. 1735 Etterretningstenesta, post 21 økes med 0,408 mill. kroner, posen merkes med *kan overføres*.

## **4. Komiteens tilråding**

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre slikt

v e d t a k :

I statsbudsjettet for 2009 blir det gjort følgjande endringar:

Kap.	Post	Føremål	Kroner
Utgifter			
1700		Forsvarsdepartementet	
1	Driftsutgifter, vert auka med .....	1 300 000	
	frå kr 314 875 000 til kr 316 175 000		
73	Forsking og utvikling, <i>kan overførast</i> , vert redusert med .....	1 300 000	
	frå kr 16 273 000 til kr 14 973 000		

Kap.	Post	Føremål	Kroner
1710		Forsvarsbygg og nye bygg og anlegg	
	24	Driftsresultat, vert redusert med ..... frå kr -940 000 000 til kr -1 040 000 000	100 000 000
	47	Nye bygg og anlegg, <i>kan overførast</i> , vert redusert med ..... frå kr 1 583 562 000 til kr 1 468 575 000	114 987 000
1719		Fellesutgifter og tilskott til føretak under Forsvarsdepartementet	
	1	Driftsutgifter, vert auka med ..... frå kr 418 840 000 til kr 425 906 000	7 066 000
	43	Til disposisjon for Forsvarsdepartementet, <i>kan overførast</i> , vert redusert med ..... frå kr 18 000 000 til kr 6 360 000	11 640 000
	78	Noregs tilskott til NATOs driftsbudsjet, <i>kan overførast</i> , vert auka med ... frå kr 220 000 000 til kr 230 500 000	10 500 000
1720		Felles leiings- og kommandoapparat	
	1	Driftsutgifter, vert auka med ..... frå kr 1 818 949 000 til kr 1 831 475 000	12 526 000
	50	Overføringer til Statens Pensjonskasse, <i>kan overførast</i> , vert redusert med ..... frå kr 167 349 000 til kr 159 349 000	8 000 000
1725		Fellesinstitusjonar og -utgifter under Forsvarsstaben	
	1	Driftsutgifter, vert auka med ..... frå kr 2 485 186 000 til kr 2 501 244 000	16 058 000
1731		Hæren	
	1	Driftsutgifter, vert redusert med ..... frå kr 4 411 984 000 til kr 4 362 134 000	49 850 000
1732		Sjøforsvaret	
	1	Driftsutgifter, vert redusert med ..... frå kr 3 119 320 000 til kr 3 099 292 000	20 028 000
1733		Luftforsvaret	
	1	Driftsutgifter, vert redusert med ..... frå kr 3 757 353 000 til kr 3 730 214 000	27 139 000
1734		Heimevernet	
	1	Driftsutgifter, vert redusert med ..... frå kr 1 015 530 000 til kr 1 015 381 000	149 000
1735		Etterretningstenesta	
	21	Spesielle driftsutgifter, vert redusert med ..... frå kr 896 043 000 til kr 895 635 000	408 000
1740		Forsvarets logistikkorganisasjon	
	1	Driftsutgifter, vert auka med ..... frå kr 3 004 228 000 til kr 3 339 032 000	334 804 000
1760		Nyskaffing av materiell og nye bygg og anlegg	
	1	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 1760 post 45</i> , vert auka med ..... frå kr 894 643 000 til kr 980 695 000	86 052 000

Kap.	Post	Føremål	Kroner
	44	Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeid, nasjonalfinansiert del, <i>kan overførast, vert auka med</i> ..... frå kr 76 615 000 til kr 90 215 000	13 600 000
	45	Store nyskaffingar, <i>kan overførast, vert auka med</i> ..... frå kr 7 418 676 000 til kr 7 567 365 000	148 689 000
	48	Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeid, fellesfinansiert del, <i>kan overførast, vert redusert med</i> ..... frå kr 345 700 000 til kr 227 700 000	118 000 000
	75	Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeid, Noregs tilskott til NATOs investeringsprogram for tryggleik, <i>kan overførast, kan nyttast under kap. 1760 post 44, vert auka med</i> ..... frå kr 79 685 000 til kr 86 315 000	6 630 000
1790		Kystvakta	
	1	Driftsutgifter, <i>vert redusert med</i> ..... frå kr 879 084 000 til kr 864 129 000	14 955 000
1792		Norske styrkar i utlandet	
	1	Driftsutgifter, <i>kan overførast, vert auka med</i> ..... frå kr 1 492 923 000 til kr 1 561 261 000	68 338 000
	45	Store nyskaffingar, <i>kan overførast, vert redusert med</i> ..... frå kr 63 000 000 til kr 59 000 000	4 000 000
(ny)	47	Nye bygg og anlegg, <i>kan overførast, løvvast med</i> .....	10 022 000
1795		Kulturelle og allmennnyttige føremål	
	1	Driftsutgifter, <i>vert auka med</i> ..... frå kr 278 909 000 til kr 298 695 000	19 786 000
	60	Tilskott til kommunar, <i>kan overførast, vert redusert med</i> ..... frå kr 2 000 000 til kr 1 500 000	500 000
<b>Inntekter</b>			
4719		Fellesutgifter og tilskott til føretak under Forsvarsdepartementet	
(ny)	1	Driftsinntekter, løyvast med .....	531 000
4720		Felles leiings- og kommandoapparat	
	1	Driftsinntekter, <i>vert auka med</i> ..... frå kr 2 267 000 til kr 19 224 000	16 957 000
4725		Fellesinstitusjonar og -inntekter under Forsvarsstaben	
	1	Driftsinntekter, <i>vert auka med</i> ..... frå kr 40 590 000 til kr 44 590 000	4 000 000
4731		Hæren	
	1	Driftsinntekter, <i>vert auka med</i> ..... frå kr 3 545 000 til kr 5 545 000	2 000 000
4732		Sjøforsvaret	
	1	Driftsinntekter, <i>vert auka med</i> ..... frå kr 23 672 000 til kr 25 599 000	1 927 000

Kap.	Post	Føremål	Kroner
4733		Luftforsvaret	
	1	Driftsinntekter, vert auka med ..... frå kr 95 518 000 til kr 132 958 000	37 440 000
4740		Forsvarets logistikkorganisasjon	
	1	Driftsinntekter, vert auka med ..... frå kr 230 931 000 til kr 458 297 000	227 366 000
4760		Nyskaffing av materiell og nye bygg og anlegg	
(ny)	1	Driftsinntekter, løyst med .....	1 807 000
(ny)	45	Store nyskaffinger, løyst med .....	48 689 000
	48	Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeid, fellesfinansiert del, vert redusert med ..... frå kr 348 000 000 til kr 243 600 000	104 400 000
4792		Norske styrkar i utlandet	
	1	Driftsinntekter, vert auka med ..... frå kr 43 124 000 til kr 66 722 000	23 598 000
4795		Kulturelle og allmennnyttige føremål	
	1	Driftsinntekter, vert auka med ..... frå kr 2 369 000 til kr 6 869 000	4 500 000

Oslo, i utenriks- og forsvars komiteen, den 2. desember 2009

**Ine M. Eriksen Søreide**

leder og ordfører